

# AUDAMOTLANDSGARDEN


## Planlagd demonstrasjonsbruk for det førmekaniserte jærjordbruket

MÅLFRID SNØRTELAND

*Frå midten av 1300-talet og fram mot 1600-talet herja pest og sott bygdene på Jæren. Folketalet fall, og mange gardar og bruk blei fråflytta. Dette skildrar Birger Lindanger i sin artikkel. Det er og i denne perioden at Øksna-Motland blir til Audamotland. Garden låg øyde i seinmellomalderen og blei truleg busett på ny kring 1600.*

*Jærmuseet har nå overtatt det gamle tunet på Audamotland, og skal disponera 30 da av den dyrka jorda kring tunet.*

*Målet er at dette anlegget skal nyttast til å demonstrera driftsmåtane i det gamle jærjordbruket. Nett nå er heimehuset på garden under restaurering.*



Ovenstående billede gjengir en gammel smie eller som jærbyen benevner dem: smihus, på gården Ødemotland i Hå. Nu heller dessverre dens tak og treverk sterkt mot sitt fall, så en reparasjon i nær fremtid er nødvendig og da vil torvtaket forsvinne for et moderne tak dekket med teglstein. Av bygningen vil da kun være igjen de svære gråsteinsmurer.

*Teikning og sitat frå Lars A. Tjøtta (1864 – 1914)*

### «Den historiske garden».

Med «det gamle jærjordbruket» tenkjer me på ein særleg fase i jordbruksutviklinga på Jæren – nemleg fasen frå mellomalderen og fram til utskiftinga og omlegginga av jordbruket som begynte på 1800-talet.

Enkelte forskarar, (m.a. O. Rønneseth), har nytta omgrepet «den historiske garden» for å karakterisera gardsdrifta og gardsstrukturen i denne perioden.

Den historiske garden skilde seg frå gardsdrifta i forhistorisk tid både m.o.t. tunskipnad og driftsmåte. Fleire forskarar daterer denne omlegginga til mellomalderen, men truleg hadde ein ein glidande overgang. Det er noko usemje om den bakre tidfestinga, men i hovudsak dekker «den historiske garden» tidsrommet 1000 – 1800.

Det som karakteriserte driftsmåten i det gamle jærjordbruket var m.a.:

- Åkrane vart lagde på eit fast avgrensa område nær tunet. Dei blei intensivt drivne utan trede og blei difor godt gjødsla. (Einskiftebruk). Det er dette åkerarealet som blir kalla «gamleåkeren».
- Åkrane blei spadde. Avkastninga i dette spadebruket var betre enn t.d. mange andre stader i landet der dei nytta primitive plogtypar. På Jæren gav åkrane opp i 6 – 7 foll, andre stader berre 3 – 4.
- Fehaldet spelte ei større rolle, m.a. fordi ein trong mykje gjødsel til åkrane. Det var ofte eit fast forhold mellom åkervidde og fehald. På låg-Jæren skal dette har vore 3:1 – d.v.s. dei heldt ei ku pr. 3 mål åker.
- Ei fegate (geil) førde frå tunet og til utmarka. Geilen gjekk over i den såkalla «markagarden» (utgarden) – steingarden som skilde mellom innmark og utmark.

Innmarka bestod av åker og eng. Nærast tunet låg «gamleåkeren». Mellom gamleåkeren og utmarka låg eng / «vodl» eller «tjukkengjå». Det var den beste slåtten. Denne eng vart noko hevda av moldråk frå gamleåkeren om våren. Utanom vollen låg «tunnengjå».

Trass i mykje nyridda åkerland i løpet av dei siste mannsaldrane er denne strukturen langt på veg synleg på Audamotland i dag.

### Åkervidde og utsæd på Audamotland

I matrikkelen frå 1665 blir det oppgitt at dei på Audamotland hadde 6 naut, 1 øyk og at utsæden var 4 tønner. Det har vore rekna ei tønne utsæd pr. 2,75 mål. Åkervidda på dette tidspunktet skulle då vera ca. 11 mål. I matrikkelen frå 1723 blir utsæden oppgitt til 7 1/2 tønne. Åkerarealet skulle då ha auka til omlag 20 mål.

I matrikkelførearbeidet av 1864 blir storleiken på åkeren og den dyrka enga til Ole Pedersen (18/1) oppgitt til 16 1/2 mål, medan «naturligt England ved Gaarden» blir rekna til 157 mål. Tilsvarande areal hos sonen Søren Olsen blir sett til 18 1/2 mål og 144 mål. Utsæden (bnr. 1) blir oppgitt til 4 tdr. (tønner) havre, 1/2 tdr. bygg, 1/6 tdr. rug og 2 tdr. poteter.

Årleg avling blei samstundes oppgitt til 30 tdr. havre, 4 1/2 tdr. bygg, 2 tdr. rug, 16 tdr. poteter og 40 skippund høy. Husdyrbesetninga bestod av 2 hestar, 7 kyr og 16 sauer.

Det blir elles opplyst at garden blir vurdert som svært lettdriven, at han er alminneleg godt dyrka, men er utan «..Fiskeri eller anden Herlighed».

### Husmannsplassar, brukarar og bruksdeling

I matrikkelen frå 1723 var det oppgitt at det var to husmannsplassar på Audamotland: Høneland og «Wed Tiønen».

I 1813 byksla t.d. Jens Rasmusson Høneland etter faren. I gards- og ættesoga for Nærbo er bykselbrevet referert slik:

*«Søren Michael Kastrup, sogneprest til Haa prestegjeld, byksler pladset Høneland under Ødemotland til ungarl Jens Rasmussen efter hans gamle fader, Rasmus Larsen, med aarlig afgift til Peder Olsen Ødemotland, 6 dagers arbeide i skuren og desuden at gjæde hver treje uge fra Gregori tid indtil de har faaet den gandske jordens grøde indhøstet. Han skal ogsaa være pligtig til at give sine gamle forældre aarlig til deres underholdning i opsæt følgende: 1 1/2 pund havremel, 1 skjeppe bygmel, 1 skjeppe rugmel, føde for 1 ko og 3 faar, samt lys og varme at forskaffe dem.»*

Høneland blei skilt ut som eige bruk i 1873. Husmannsplassen ved Audamotlandstjørna blei lagt ned, men det er framleis råd å finna tuftene etter bygningane og åkersteigen kring tunet.

Som nemnt heitte bonden på Audamotland i 1864 Ole Pederson Ødemotland. Han var fødd i 1792 og døydde i 1875. I 1816 blei han gift med Tabitta Gunnarsdtr. Njærheim. I følgje oppteikningane etter «Flinta-Lars» (Alfred Hauge: Gamle Jæren. Andre boka om tradisjon og folkeminne. Etter Lars A. Tjøtta, «Flinta-Lars» (1864–1914), (Universitetsforlaget 1986) skulle Ole Pederson vera den første på Jæren som laga jernbeslåtte kjerrer og hjul med akslingar av jern.

*«Ødemotlandssmien er en av de største gamle jordsmier, og en bekjent smedslekt har reist den og eier den*

*fremdeles. Denne begavede storsmedslekt vites med sikkerhet å ha bebodd gården i over 200 år, og foruten å være smeder og gårdbrukere har to av slekte tillike vært bekjente fiolinspillere, og en har vært krigsmann og deltok i krigen i begynnelsen av forrige århundre.*

*Mange forbedringer av landboredskaper og andre bruksgjenstander er utgått fra den bedagede Ødemotlandsmie. Nevnes kan jernbeslåtte hjulredskaper, som en av slekten, Ole Pedersen, var den første til å tilvirke på Jæren. Folk kom langveisfra for å se det vidunder: jernbeslåtte kjerrer og hjul med aksler av jern, en oppfinnelse som de fleste fant for kostbar for bonden, men som likevel fant en hurtig utbredelse tross at jernet i de dager var fire ganger så dyrt som nu.*

*Grunnet de høye jernpriser lønnet det seg i hine dager å nyttiggjøre seg selv smått avfall; intet måtte gå til spille. Forslitte ting, så som gamle hesteko, spadeblad og knekte ljaer, ble omhyggelig oppsamlet og sammensveiset til nye gjenstander eller slått opp til søm og spiker.»*

Folk kom langvegs frå for å studera vidundera. Sjølv om dei fleste visstnok meinte at slike reiskapar blei altfor dyre for bøndene, (jernprisen var forholdsvis høg på den tida), auka bruken raskt.

Folka på Audamotland, «denne begavede storsmedslekt», var i det heile kjende som svært dugande smedar.

Far til Ola, Peder Olson, døydde i 1836. Garden var då byksla av soknepresten i Hå. Men i 1849 fekk Ola kongeskøyte (på 18 sp.) på garden 600 spd.

I 1873 delte han garden mellom sønene Peder, Søren Mikal Kastrup (oppkalla etter presten Søren Mikal Kastrup på Hå som mora, Tabitta tente hos før ho vart gift med Ola) og Gabriel.

I følgje gards- og ættesoga for Nærbo fekk Peder husmannsplassen fordi Ola tvilte på farsskapet sitt. Peder var ugift, men hadde to born.

Søren Mikal gifta seg i 1859. Kanskje han då fekk pakta ein del av farsgarden. (Bnr. 2). I alle høve dreiv han for seg sjølv før 1873. (Jmfr. matrikkelførearbeidet 1864.) Eldste sonen, Ola, var smed og ugift.

Då den yngre broren, Søren Mikal, gifta seg i 1907, fekk han ein part både av bnr. 1 og bnr. 2, nytt bnr. 4. Sonen Olav (f. 1920) overtok sidan bnr. 2 etter farbroren.


Gabriel Olson overtok heimegarden (bnr. 1). Han var ugift og dreiv også som smed.

Brorsonen, Lars Ødemotland, overtok bruket i 1908. Han gifta seg i 1893 og budde ein del år i Stavanger der han arbeidde på Rosenberg. Sonen hans, Gabriel Larsson (f. 1903) overtok farsgarden i 1934, men flytta til Austlandet i slutten av 1940-åra.

Ein yngre bror, Lars L. Ødemotland, gifta seg i 1941 med Karen Kvia. Han hadde overteke eit anna bruk på Audamotland (bnr. 5 og 7) i 1938.

Dei vidgjetne Klauhauane låg på eigedommen hans. Han var ein svært historieinteressert kar, og i 1956 gav han Klauhauane til Stavanger Museum. Han var og ein framsynt mann som sette som vilkår at nokre av desse 17 hustuftene ikkje skulle gravast ut då, men liggja urørde i påvente av betre utgravingsmetodar i framtida. Lars L. jr. overtok drifta av desse to bruka i 1966.

Han pakta også i mange år bnr.1. Etter at staten kjøpte Audamotlandsgarden i 1992, fekk Lars kjøpa omlag 50 da av den dyrka jorda. I dag er Lars dessutan gardsstyrar på Jærmuseet.



Dagens bonde på bruk nr.2, Sven Mikal Ødemotland, har teke vel vare på det gamle heimehuset og brukar det til familiens bustad.

### Heimehuset og tunet.

Det opphavlege tunet på Audamotlandsgarden låg noko nærare tjørna enn det nåverande tunet som skal vera frå slutten av 1700-talet. Ein smågut drukna i brunnen i 1792. (Han heitte også Ola, og omkom vel ein månad etter at neste bror blei fødd. Den nyfødde broren fekk då og namnet Ola, jmf. ovanfor.) Etter drukningsulukka vart heimehuset flytta dit det står i dag.

Lars Ødemotland meiner han kan påvisa denne brunnen. Han hugsar og at det tidlegare gjekk steingardar frå løa og ned mot tjørna og han kan elles påvisa teigar av gammal kulturjord.

I tunet har her og vore andre hus, m.a. eit turkehus for korn, frittstående fjøs og ei stor gardssmie.

«Flinta-Lars» skriv t.d. at «Ødemotlandsmien er en av de største gamle jordsmier». Etter Flinta-Lars si forteljing å døma kan smia vera bygd kring 1834/35.

Dei gamle blyvindaugo i smia skulle nemleg stamma frå Bø-kyrkja som vart riven i 1834.

Heimehuset på Audamotland er egentleg eit tradisjonelt jærhus. Men fyrst på 1900-talet blei det mot nord bygd på ei «folgestove» med eigen inngang og eit lite kammers. Dette skjedde truleg då Gabriel Olsen overlet garden til brorsonen Lars.

Når det gjeld resten av bygningshistora har me førebels ikkje komme til botnars i den.

I følgje den muntlege tradisjonen vart som nemnt heimehuset flytta og sidan påbygd. Det er tydeleg at den søre stova er eldst. Etter laftinga å døma kan denne vera frå 1700-talet – kanskje eldre. Tømmeret har og tydelege flyttmerke. I buakammerset er årstalet 1654 skore inn i takbjelken. På grunn av rote i treverket er dette svært utydeleg i dag.


Midtgang, kammers og den andre stova er tydelegvis bygd samstundes og har såkalla sinklaft. Dette tyder på at denne delen tidlegast er bygd i 1830–40-åra. Kanskje i samband med at Ola overtok garden då faren Peder døydde i 1836? Men det er og ting som kan tyda på at heile huset, bortsett frå det seinaste påbygget, kan vera reist i eitt.

Over døra i søre stova er det måla «Ole Pedersøn Ødemotland 1839». Same innskripta skal ha stått i den andre stova. Dette kan indikera at ev. påbygging/ ombygging skjedde før 1839.


Slik huset står i dag har det pannetak. Konstruksjonen er sperretak med sideåsar. Taket har elles vore tetta med halm (halgje), lyng og mose. Elles fann me neverrestar då pannetaket blei tatt av.

Det er vidare tydeleg at på loftet er det brukt tømmer frå eldre hus. Her er og enkelte skipsplankar.


Huset er nå under restaurering.



Oppmålingsteikningar av heimehuset på Audamotland. Utført av Arild Wåge, 1985.



Over: Snitt gjennom skut, bu, gang, stove og endekammers. Under: Grunnplan av 1. etasje.





Den gamle løa på bruk nr. 1 før 1947. Legg merke til vindmaskinen: steinstøttene står på plass, men drivhjulet er lagt ned på marka. Det er haust og kornet er lagra i store stakkar. Foto.: Hans Aanestad.

Etter samtale med Signe Vettelund, ei av døtrene til Lars Sørensen, har me ein del opplysningar om endringar i nyare tid:

Målet på lengre sikt er og å rekonstruera dei andre bygningane i tunet – først og fremst smia.

Vindaugo er skifta, dels før 1920, dels i mellomkrigstida. Dei som blei skifta sist, i aust, skulle vera litt større enn dei gamle.

I kjøkkenet var det grua og brunn like til 1933.

Då skifta dei og ut den gamle gråsteinspipa med pipe i murstein.

Samtidig blei loftstrappa flytta frå gangen til kjøkkenet.

Kjøkkenet blei panelt og måla eit par år seinare. Pipa i buakammerset er og bygd etter 1934.

Den søre skuten er ny. Tidlegare var han smalare, hadde torvtak og steinvegger.



Årstalet 1839 og namnet Ole Pedersen Øde Motland står malt over eine døra i heimehuset på Audamotland.

Ennå er det ein del uløyste spørsmål. Me veit t.d. ikkje

- korleis det huset som vart flytta i 1790-åra såg ut
- korleis og når huset blei påbygd og eventuelt ombygd
- dersom ein tar utgangspunkt i 1839, hadde huset torvtak eller pannetak?

Den eldste delen av driftsbygningen skal vera frå siste halvdel av 1800-talet. Då Lars S. overtok bruket utvida han løa og bygde ny fjøs. I 1930-åra skal blei det og bygd på eit hønsehus.

Driftsbygningen treng og snarleg restaurering, men dette er det førebels ikkje pengar til.